



KOMMUNAL- OG DISTRIKTSDEPARTEMENTET
Postboks 8112 DEP
0032 OSLO

Saksbehandlar, innvalstelefon
Helge Mogstad, 71 25 84 44

Oversending av søknad om støtte til utgreiing av kommunestrukturen

Vi viser til vedlagt søknad datert 12.mars 2026 frå ordførarane i Ørsta og Volda kommunar. Det er gjort vedtak i begge kommunestyra om å søke støtte til utgreiing av framtidig kommunesamanslåing.

Mogleg framtidig kommunesamanslåing

Kommunane Ørsta og Volda er ei samanhengande bu- og arbeidsmarknadsregion med tett integrasjon på mange samfunnsområde. Dei er heimstad for viktige samfunnsinstitusjonar som sjukehus, høgskule, flyplass og dei mektige Sunnmørsalpane. Dei to kommunane samarbeider på ei rekkje område både bilateralt og saman med dei fem andre kommunane på Søre Sunnmøre.

Kommuneøkonomien er krevjande for begge kommunane og dei har starta på eit naudsynt omstillingsarbeid. Eit faktabasert kunnskapsgrunnlag vil vise om omstillingsarbeidet som er sett i gang til sist endar med at kommunane slår seg saman. På bakgrunn av dette kunnskapsgrunnlaget, blir det forhandla fram ein intensjonsavtale. Deretter blir spørsmålet om samanslåing gjenstand for ei innbyggjarhøyring slik at folk får høve til å gje uttrykk for si meining. Som søknaden viser er begge kommunane oppteken av god forankring blant innbyggjarar, næringsliv, politikarar, frivilligheita og tilsette i kommunane.

Om initiativet og prosessen

Etter inndelingslova § 8, 2. ledd har kommunestyret initiativrett til å søke om samanslåing. Søknaden er sett fram for Statsforvaltaren og vi sender søknaden til KDD med vår tilråding, jf inndelingslova § 9,1.ledd

Etter inndelingslova § 11 avgjer departementet om utgiftene ved utgreiinga skal betalast ein eller fleire av kommunane, eller heilt eller delvis av staten. Kommunestyra har gjort vedtak om at dei ønskjer å greie ut fordelar og ulemper ved ei kommunesamanslåing i same vedtak som der dei oppnemnde medlemmar og mandat for ei politisk arbeidsgruppe. Kommunane planlegg å utarbeide eit konkurransegrunnlag og tildele oppdraget med å gjennomføre utgreiinga til eit eksternt kompetansemiljø. D har og skildra korleis dei planlegg å følgje opp utgreiinga i prosessen fram mot ei mogleg samanslåing. Statsforvaltaren legg derfor til grunn at utgiftene ved utgreiinga fullt ut dekkes av staten.



Statsforvalteren si rolle og vurdering

Statsforvaltaren følgjer prosessen tett, og vil finansiere ein prosjektleiar. Framover vil vi ha jamlege møte med kommunane.

Vi meiner dette er ein god og grundig søknad som på ein god måte skildrar heile prosessen med kommunesamanslåinga. Statsforvaltaren meiner det ligg til grunn eit godt omstillingsarbeid for søknaden om støtte til utgreiing. Vi ser at ei utgreiing av fordelar og ulemper ved ei kommunesamanslåing no er eit naturleg steg for desse kommunane. Statsforvaltaren støttar derfor søknaden om at staten dekkjer kostnadene til å få utgreidd konsekvensane med ei kommunesamanslåing mellom Ørsta og Volda.

Departementet gjer vel i å halde fram praksisen frå tidlegare vedtak om støtte til utgreiing, der både fart og innhald skapte begeistring.

Med helsing

Rigmor Brøste (e.f.)
ass. statsforvaltar

Helge Mogstad
spesialrådgiver

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg:

- 1 Søknad om oppstart og økonomisk støtte - Utgreiing om kommunesamanslåing for kommunane Volda og Ørsta.pdf
- 2 Prosjekt og framdriftsplan Ørsta - Volda.pdf
- 3 Budsjett og finansieringsplan, Volda og Ørsta.pdf
- 4 Politisk vedtak om oppstart frå Volda kommune.pdf
- 5 Politisk vedtak om oppstart frå Ørsta kommune.pdf

Kopi til:

ØRSTA KOMMUNE
VOLDA KOMMUNE

Dalevegen 6
Stormyra 2

6153
6100

ØRSTA
VOLDA